



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.06.2013	38273/2013/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	11.06.2013

Vestnes kommune - søknad vassressurslova - Sesselva kraftverk - Sesskraft AS - fråsegn ved offentleg høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til at det er registrert automatiske freda kulturminne i området, men ønskjer gjerne nærare opplysningar om trasé og kraftverktomt for å vurdere potensialet for hittil ukjente kulturminne.

Det kan verte naudsynt med ei synfaring for å vurdere behovet for arkeologisk registrering.

Biologisk mangfald

Vi registrerer at det er gjort undersøkingar, men i omtalen av lokalitetane (3.4) kjem det ikkje fram kva relativ verdi desse har (regional, lokal ev. svært viktig/viktig). Dette bør vere sentralt for å forstå konklusjonen. "Flora og fauna" i kapittel 3.6 er vel elles også det same som "biologisk mangfald".

Friluftsliv

Tema er nemnt under overskrifta "Brukarinteresser" (3.11). Denne overskrifta framstår litt misvisande, i og med at både kraftutbygging, landbruk, vassforyning mv. også er brukarinteresser. Tilsvarande er det også relevant å nemne hytteigarar på stølsområdet som "brukarar".

Området er som nemnt nytta som turområde med tilkomst hovudsakleg via setervegen til Daugstadsetra. I ei viss utstrekning har området regional verdi, kanskje først og fremst på grunn av at toppane i bakkant trekkjer fjellvandrarar regionalt, både sommar og vinter. Den estetiske opplevinga av landskapet er ein viktig del av friluftskvalitetane, men er ikkje nemnt i konsekvensomtalen. Liafossen, nye vegar og eventuelle rørgater i dagen vil påverke friluftskvalitetane negativt. Desse elementa vil etter vår vurdering ikkje ha slike kvalitetar at det gir vesentlege konsekvensar utover det lokale, men bør ligge til grunn for drøfting av avbøtande tiltak (minstevassføring, vegutforming mv.).

Konklusjon

Vi vil ikkje gå imot at det vert gitt konsesjon, men viser til merknader ovanfor.

Vi peikar særleg på at det må vurderast arkeologiske registreringar i samband med detaljplanlegginga. Vi ber om at det vert teke kontakt med fagsaksbehandlar for nærare avtale.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:
Vestnes kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her